



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til kunnskapsgrunnlag for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar

Statsforvaltaren har ikkje vesentlege merknader til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk.

Vi viser til oversendinga 31. mai i år som gjeld høyring av oppdatert kunnskapsgrunnlag for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk.

Bakgrunnen for høyringa er at Sunnhordland Kraftlag (SKL) har bedt Olje- og energidepartementet (OED) å gjenoppta handsaminga av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Departementet har vidare bedt NVE om å vurdere behovet for eit oppdatert avgjerdsgrunnlag, ny høyring og eventuelle endringar i innstillinga om løyve til bygging av Blåfalli Fjellhaug. I denne omgangen er det det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget datert 5. mai 2023 som er på høyring.

Vår vurdering

Det var eit relativt omfattande utgreiingsprogram som låg til grunn for konsesjonshandsaminga i 2015. Vi hadde ikkje merknadar til kunnskapsgrunnlaget i høyringsfråsegna vår, og NVE konkluderte i innstillinga som blei oversendt til OED med at kunnskapsgrunnlaget var godt nok utgreidd, og i tråd med naturmangfaldlova § 8.

I det oppdaterte kunnskapsnotatet er fagrapporten for naturmiljø og naturmangfald frå 2014 vurdert i høve til den nye og no gjeldande rettleiaren frå Miljødirektoratet M1941. Vårt inntrykk er at kunnskapen om naturmiljø/naturmangfald som no ligg føre er i tråd med dagens metodikk, og vi ser ikkje nokon vesentlege manglar.

Fagrapporten for fisk og ferskvassbiologi er òg vurdert etter nye metodikkkrav. Det er gått lang tid sidan prøvefiske/feltinnsamlingar, og ideelt sett ville det vore ein føremon med nye feltinnsamlingar. Vi trur likevel at den faglege vurderinga sist, og den nye gjennomgangen, tilseier at det er tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere verdigrunnlag og konsekvensar. Vi har ut frå dette ikkje vesentlege merknader til konsekvensutgreiinga for vassmiljøet.



Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Kvinnherad kommune
Etne kommune

Postboks 7900
Rosendalsvegen 10
Sjoarvegen 2

5020	BERGEN
5470	ROSENDAL
5590	ETNE